



**HJELMELAND
KOMMUNE**



KODEJAKTA 2020





TAKK TIL



SparebankenVest

for støtte til denne brosjyren





NY KODEJAKT!

Så er det på an igjen! Og konkurransereglane er som før: ved 11 ulike turmål i Hjelmeland kommune har me plassert ei skilttavle med ein kode for dette området. Dei fleste turane er nokså enkle, medan andre er lengre og meir utfordrande. For kvart skilt du finn og kvar kode du noterer deg, aukar du vinnarsjansane dine. Finn du alle kodane deltek du altså med heile 10 «lodd» i friluftskonkurransen vår.

På kartet kan du sjå kvar kodane er plassert. Det er oppgått sti fram til dei fleste kodane, men for langturen Kleivaland - Årdal, varierer dette. Her har me derimot prøvd å nødla (stein oppå stein) så godt me kan. Har du tilgang til Kodejakta 2020 på facebook, så vil du her kunne finna lenke som viser dei ulike turane teikna inn i kartet. Her vil du lettare kunne orietera deg ved å zoome ut og inn i

KONKURRANSEREGLAR

Kvar tur har ein kode som du må notera deg. Du kan berre registrera koden ein gong sjølv om du kanskje går fleire turar til same turmål.

Finn du alle elleve skilta og kodane, så deltek du altså med elleve lodd i trekninga om fine premiar. Merk at du likevel må ha funne minst

kartet. Det kan likevel vera ein god idé å ta med sitt eige kart i tursekken. Det er også verd å merka seg at stiane som er streka opp i denne brosjyren ikkje er heilt presise.

Så må du hugse at det er bandtvang og at du lukker alle grindar etter deg. God tur!

Som du ser har me lagt inn ein ekstra tur dette året, langturen nr 11. Du bør vera i relativt god form dersom du vil prøva deg på denne turen. Men klarer du den, så får du eit ekstra "lodd" i trekninga om premiane. Pluss ei fin naturop-pleving.

Turane er graderte slik;

■■■■ GRØN – nokså enkel

■■■■ BLÅ – middels

■■■■ RAUD – litt krevjande

5 av kodane for å kunne delta i konkurransen om hovudpremien.

Kodane, saman med namn på staden du fant dei, sender du til:
eldfinn.austigard@hjelmeland.kommune.no
innan 30. september. Hugs namnet ditt, pluss telefonnummer.

ANDRE TURAR

Dersom du får lyst til å utforske andre turmål i Hjelmeland, så finn du eit utval på facebook: På tur i Hjelmeland. Eller www.ut.no, og www.hjelmeland.kommune.no

Tilretteleggjar: Hjelmeland kommune, Kulturseksjonen, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland.
Tlf: 51 75 00 00. Grafisk utforming: Ona Søyland, Strandbuen – Trykk: Jærprint as




1. STRENGJATONÅ


Koseleg nærmiljøtur til flott utsiktspunkt.

Parker i Vågen. (ved kommunehuset)
Sjå skilt: Leiterunden. Turen går opp forbi Sæbø-gardane gjennom landsbrukslandskap – vidare bratt opp nymerka sti til Breiatonå, deretter opp Vonneveien til Strenjatonå.

Strenjatonå er eit markant, flott utsiktspunkt ned mot Vågen og utover Ombofjorden. Me vil sterkt anbefale at du ikkje går same vegen ned igjen, men føl pilene som viser stien inn til Knuden. Vidare ned til Flådene og derfrå tilbake til Vågen, enten via bilvegen, eller via Leite, som er eit flott utsiktspunkt på ruta.

Turen er kort, men bratt, sett av 2 timar til tur/retur.





7. SUBBLIÅ Følg Vormedalsvegen innover mot Totlandsvik. Sving av mot Fundingsland, og kjøør ca 200 m forbi Giskelidvatnet.


Parker på avkjørsle på høgre side av veggen, sjå skiltet «Kodejakta». Følg merka sti ned til bruene og opp lia på vestsida av bekken/elva som kjem ned lia (frå sør).

Når du er på toppen svingar stien krappt til venstre (nordover) over bekken og langs myra inn til Subbliå.

Koden heng i eit tre ca 200 m før du kjem fram til hytta. Du treng ca 1,5 time inn til koden. (Det er fleire våte partier langs ruta)

3. RITLANDSTJØDNANE Start frå P-plass ved Kleivaland. Du bør gje deg tid til å lesa litt om Ritlandskrateret på info-tavla på p-plassen før du startar på turen. Gå over brua og følg veggen som går innover mot Ritland. Det er ca 3,5 km frå P-plassen på Kleivaland inn til Ritlandstjødnane, så du vil nok bruke ca 1,5 time på turen inn. Koden heng i ei furu, på neset mellom dei to tjødnane, ca 100 m frå veggen. Her er du midt inne i meteorittkrateret.





6. LOMSTJØDNÅ Kjør inn Songesandvegen, passer Leidå og kjør ca 2 km til du ser skiltet «Nystøldalen» på høgre side av vegen. Her er det ein liten P-plass på venstre side av vegen. Frå denne parkeringsplassen føl du merka sti inn til Lomstjødnå, ei idyllisk tjørn midt inne i furuskogen. Du treng ca 40 min på turen inn til Lomstjødnå. (enkelte våte partier)



5. HELGAKNUTEN

Du kan parkere ved Åsen, tett ved RV13. Frå Åsen er det merka sti mot Helgaknuten. På toppen passerer ein den austre varden, og går vidare til den vestre. (den som ligg lengst ut mot «havet»)

Returen kan ein ta ved å gå ned i dalen mellom Steinsvikfjellet og Helgaknuten, eller ein kan gå tilbake til den austre varden og så ned til Helgaknut-tjødnå. Eller berre gå same vegen tilbake, om ein vil.

Stiane i område er godt merka, og ein kan finne mange alternativ. Du bør rekne ca 2 timar på turen






4. SVARTAVATNET

Kjør Songesandvegen og sving til venstre inn på vegen som går mot Åse. Du kan parkera 50 m før brua, sjå skilt.

Herfrå går du vidare på vegen ca 1 km, til du ser skiltet som viser veg mot Svartavatnet. Frå dette skiltet må du rekna ca 1 time på turen inn til Svartavatnet



2. KODL På denne turen får du to startalternativ. Med utgangspunkt frå Saltkjel kan du gå via Øyåsen, eller starte frå Sandanger, dersom du er lokalkjent. Då føl du vegen inn mot Steinbrotet eit stykke og så tek av på sti opp mot Kodal. Frå Kodal har du fin utsikt over Ryfylkefjordane. Ca 3 timar tur/retur





10. RØSSENIBBEN

Røssenibben (718 moh) er ein av Jøsneset sine mest markante toppar, godt synleg frå fjorden. Frå toppen ser du heile den langstrakte Jøsenfjorden i all sin prakt, innover og utover.

Turen kan gjerne starte på Foss via Giskelia. Men eit fint alternativ er start i Bastlid. (sjå kart) Følg skogsvegen bratt opp ca 1,5 km, deretter bratt sti gjennom flott høgrest furuskog og deretter snauberg og høghei. Tungt, men nydelig!

Ruta går òg innover langsmed fjorden eit stykke, før det på slutten går rett opp til topps. Bastlid-Røssenibben: ca 4 km, 700 m stigning, gangtid t/r ca 3-4 t.




8. INGVALDSTADFJELLET

På Ingvaldstad svingar du av RV13 og kjører inn på vegen til Geisfjell. Kjør heilt opp til P-plassen. Når du har parkert går du ut frå p-plassen, svingar til høgre og føl landbruksvegen opp lia. (nordover) Følg så merka sti vidare. Stien går langs fjellryggen ovanfor Ingvaldstad, med flott utsikt over Ryfylkefjordane.

Stien er stort sett tørr og fin, men med enkelte våte partier. Du bør rekne 2-2,5 time på turen. 528. Der ligg koden.







9. TJUKKHAMMAR (SÅDÅ) Kjør inn på vegen som går til Eventyrskogen. Passer P-plassen til Eventyrskogen og følg vegen ca 1 km vidare oppover til du kjem til eit vegdele og ei bru. Her ved brua kan du parkere.

Gå oppover langs Måmyrvegen på nordsida av brua. Etter ca 400 m svingar du til høgre og tar inn på vegen som går bratt opp lia. Ca 100 m før toppen ser du skiltet «Kodejakt» Her er det merka sti opp mot Tjukkkhammar.

Sådå er fellesnamnet på fjellpartiet du skal til. Men koden finn du på Tjukkkhammar. Her er det fin utsikt over bla. Årdal og Årdalsfjorden.





11. KLEIVALAND - ÅRDAL - LANGTUREN

Dette er ein fin langtur der du bør sette av god tid. Du kan starta frå Årdal (Røgle) eller frå Kleivaland. (sjå kart) Det kan kanskje vera smart å plassera ein bil ved det punktet du går til?

Dersom du startar frå Kleivaland føl du merka løype mot Trodla-Tysdal, men før du går ned mot Helgaland, svingar du vestover og opp den bratte lia i retning Brunstøl. Vidare langs Storsteinsvatnet og Storsteinen, der koden heng, Du passere Undestølvatnet, går over Hestleite, aust for Brendeknuten, og ser då mot Vasstølvatnet og Kaldavatnet. Frå vest-enden av Kaldavatnet på grusveg ned til Røgle. Du bør vera litt fjellvamt og ha rimelig bra kondisjon for å leggja ut på denne turen.

Kanskje dette er den turen der du kan ta med teltet og nyte turen med ekstra god tid. Totalt bør du sette av 5-7 timar til denne turen.



REGISTRERINGSSKJEMA

Nr.	Namn på tur	Besøkt dato	Kode
1	STRENGJATONÅ		
2	KODL		
3	RITLANDSTJØDNANE		
4	SVARTAVATNET		
5	HELGAKNUTEN		
6	LOMSTJØDNÅ		
7	SUBBLIÅ		
8	INGVALDSTADFJELLET		
9	TJUKKHAMMAR		
10	RØSSENBIBEN		
11	KLEIVALAND - ÅRDAL		

PREMIAR

1. Varer for kr 3 000,-
i lokal sport/jernvarebutikk.
2. Jerven, Fjellduken
3. Gassbrennar for stormkjøkken
4. Bålkjele
5. Termos
6. Kart over Hjelmelandsheiane
7. Silva kompass
8. Villmarksbestikk i tre
9. Turtallerken i tre
10. Kartmappe

DELTAKAR

Navn:

.....

.....

Adresse eller e-post:

.....

Telefon:

.....





HJELMELAND NATURLEGVIS

Hjelmeland kommune, Vågavegen 116,
4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
postmottak@hjelmeland.kommune.no